

Rundskriv

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-8/2026	26/4532	09.09.2026

Statsbudsjettet 2026 – Tilleggsløyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsløyvingar hausten 2026. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsløyvingar for 2026 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 14. oktober 2026. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2025
- Saldert budsjett 2026 + tilleggsløyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2026

Av omsyn til å forenkle regjeringa si handsaming av forslaga til nysalderinga, vert departementa bedne om å skilje mellom saker som krev politisk handsaming og saker av teknisk karakter i innspelet til nysalderinga. Det sistnemnte kan gjelde endringar i anslag, tekniske flyttingar, parallelle justeringar av utgifter og inntekter mv.

Anslaga for nøkkeltal i norsk økonomi frå Nasjonalbudsjettet 2027 skal leggjast til grunn der det er relevant. I motsetnad til andre budsjetttrundar vil ikkje Finansdepartementet sende renteforutsetningar eller oppgje ein gitt dato for valutakurs som skal ligge til grunn for innspela. Det bør brukast så oppdatert informasjon som mogleg gitt fristen for å sende innspel til Finansdepartementet.

I hovudbudsjettsskrivet for 2027 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2026 innan 27. juli 2026. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag innan nemnte frist. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsløyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 20. november 2026. Departementa er sjølv ansvarlege for at omtalen i proposisjonane er utforma i tråd med regjeringa sin politikk og konklusjonar i regjeringa. Departementa må sende Finansdepartementet særleg viktige delar av proposisjonen innan 16. november 2026.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2026 vil etter planen verte fremja i statsråd 27. november 2026.

Med helsing

Trond Høyde e.f.
avdelingsdirektør

Mathias Ringdal
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje handskrivne signaturar